

**BJØRNA
FJØRDEN**



Budsjett 2025

Økonomiplan 2025-28



Foto; Bono Bolig AS



Fremskrittspartiet



1 Innleiing

FrP, H, KrF og INP sitt framlegg til Budsjett 2025 / Økonomiplan 2025-28 følgjer under.

Framlegget byggjer på kommunedirektøren sitt framlegg av 31.10.24. Der vi ikkje har konkrete endringar til budsjettet eller verbale føringar sluttar vi oss til kommunedirektøren sitt framlegg.

FrP/H/KrF/INP legg fram eit nøkternt og realistisk budsjett, tilpassa den økonomiske situasjonen kommunen står i;

- Frie inntekter er basert på framlegg i Statsbudsjettet 2025
- Inntekter frå Havbruksfondet er budsjettert på minimumsnivå
- Det er ikkje budsjettert med avkastning på finansporteføljen
- Realistiske driftsrammer til sektorane
- Ingen nye kostnadsdrivande driftstiltak
- Investeringane er på ei minimum – ingen nye store prosjekt
- Budsjettert netto driftsresultat på 0,8% gjer ein liten buffer mot uføresette kostnader i 2025
- Bruk av premiefond på 65,7 mill kr i tråd med kommunedirektøren sitt framlegg

Dette er heilt naudsynt i ei tid der kommuneøkonomien er under sterkt press i heile landet. AP/SP-regjeringa har dei siste åra ikkje kompensert den underliggjande kostnadsveksten i kommunane knytt til generell prisstigning, høgare lånerente, gode lønsoppgjær, auka pensjonskostnader og kamp om arbeidskraft.

Bruttobudsjettet til Bjørnafjorden kommune på vel 2,5 milliardar kroner gjer likevel rom for gode tenester til innbyggjarane, og det utan eigedomsskatt. FrP/H/KrF/INP ynskjer ikkje å velta utfordringa med krevjande kommuneøkonomi over på innbyggjarar og næringsliv i form av eigedomsskatt.

Omstilling 25 og tiltaka som vart sett i verk i årets budsjett har gitt positiv effekt på driftsbalansen, men samstundes har kommunen gjennom 2024 slitt med auka kostnader m.a. knytt til meirbehov og høg vikarbruk i deler av tenestene.

Sektorrammene for 2025 er i stor grad justert for meirbehova som er synleggjort gjennom 2024, og det vert avgjerande at einingane klarer å halda dei tildelte rammene det kommande året. Budsjett disiplin er avgjerande for at vi skal lukkast i omstillinga, og gjenvinna den økonomiske handlingsfridommen til Bjørnafjorden kommune.

FrP/H/KrF/INP vil nytta høve til å takka administrativ leiing, tillitsvalde og alle tilsette for den jobben som vert gjort kvar dag 24/7/365 til det beste for innbyggjarane i kommunen.

Vi er eitt lag, og i fellesskap skal vi lukkast med omstillinga!

Vi ber om at kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert oppdatert med dei talmessige endringane og verbale føringane som kjem fram av dette budsjettframlegget.

2 Strategi 2027

Ved inngangen til valperioden sto Bjørnafjorden kommune i ein krevjande økonomisk situasjon. Driftsbudsjettet var i ubalanse med ca 150 mill kroner.

I Budsjett 2024 / Økonomiplan 2024-27 presenterte FrP/H fire overordna mål for valperioden;

- Få orden på kommuneøkonomien
- Prioritera primærtjenestene
- Byggja *ein* felles kultur for Bjørnafjorden
- Setja fart på utviklinga av Bjørnafjorden

FrP/H konkretiserte dette i fem strategiar i fjorårets budsjettframlegg;

A. Redusere driftskostnader – setja tæring etter næring

- Gjennomføra kostnadsreducerande tiltak gjennom Omstilling25 og tiltaka skissert i Budsjett 2024 / Økonomiplan 2024-27
- Sikra detaljert rapportering på økonomi og årsverk, - tett budsjettoppfølging i formannskapet
- Nytt konkurranse i tenesteproduksjonen der dette kan gje lågare kostnader og/eller betre kvalitet i tenestene
- Halda att på investeringar i økonomiplanperioden 2024-27
- Vidareføra satsing på digitalisering og velferdsteknologi

B. Auka driftsinntektene – stimulera til bustad- og næringsetableringar

- Etablera JA-haldning i arealpolitikken
- Leggja til rette for effektive planprosessar, og starta arbeidet med ny arealplan for heile Bjørnafjorden
- Ordførar og varaordførar skal fungera som ombod for næringslivet
- Driva fram og setja retning for utviklingsprosjekt i samarbeid med private investorar
- Sal av kommunal eigedom, samt realisera tomteverdiar i Lyseparken og Samnøy Næringsområde

C. Samarbeid – styrkja 3-partssamarbeidet politikk-administrasjon-tillitsvalde

- Tett dialog om felles utfordringar

- Satsa på leiarutvikling på alle nivå i organisasjonen
- Maksimal delegering basert på verdibasert leiing og myndiggjorte, kompetente medarbeidarar
- Leggja til rette for etter- og vidareutdanning, fagbrev og lærlingar

D. Engasjera frivillig sektor – overføra ikkje-lovpålagte oppgåver

- Stimulera og engasjera frivillig sektor
- Overføra oppgåver til frivillige lag og organisasjonar
- Nyttå frivillige som ekstra ressurs i tenesteproduksjonen
- Koordinera frivillige ressursar gjennom frivilligsentralane / frivilligkoordinatorar

E. Merkevara Bjørnafjorden – byggja felles identitet

- Ta Bjørnafjorden kommune sin merkevareplattform aktivt i bruk
- Forankra verdiar, visjon og misjon i heile den kommunale organisasjonen og lokalsamfunnet
- Aktivt marknadsføra attraktiviteten til Bjørnafjorden

FrP, H, KrF og INP er samde om at desse strategiane ligg fast i Budsjett 2025 / Økonomiplan 2025-28.

Arbeidet i 2024 har gitt positive resultat, og utfordringa i driftsbudsjettet er redusert til +/- 70 mill kr for 2025. FrP/H/KrF/INP har god von om at vi i løpet av valperioden skal ha gjenvunne den økonomiske handlefridommen for kommunen.

Dette krev imidlertid hard jobbing i tråd med strategiane ovanfor, og FrP/H/KrF/INP vil særskilt peike på følgjande fokusområde i 2025;

A. Redusere driftskostnader – setja tæring etter næring

- Hald budsjettrammene til tenesteområda gjennom 2025. Dette krev tett oppfølging frå administrativ og politisk leiing gjennom året.
- At vi lukkast med prosjekt *Dimensjonering av pleie- og omsorg* på Helse- og velferdsområdet.
- At arbeidet for å redusera sjukefråværet vert intensivert.
- At tiltak i Omstilling 25 og Budsjett 2025 vert gjennomført, og at innsparingar vert realisert slik skissert.

B. Auka driftsinntektene – stimulera til bustad- og næringsetableringar

- Halda på den gode trenden der Bjørnafjorden kommune ved utgangen av året har godkjend 10 reguleringsplanar for bustad og næring i 2024, mot null planer i 2023.

- Sikra at planlagde utbyggingsprosjekt vert realisert så raskt som mogeleg for å auka folkeveksten, og dermed auka rammetilskot og skatteinngang.

E. Merkevara Bjørnafjorden – byggja felles identitet

- Vi må intensivera arbeidet med merkevareplattforma til Bjørnafjorden kommune, og vi vil utfordra kommunedirektøren til å etablere eit prosjekt som forankrar verdiar, visjon og misjon i heile den kommunale organisasjonen. Skal vi lukkast med omstillinga må alle, politisk leiing, administrativ leiing og kvar og ein av våre tilsette, ta del i dette prosjektet.

3 Driftsbudsjett

I tabellen under følgjer FrP/H/KrF/INP sine endringar i driftsbudsjettet 2025-28.

Endringar på tiltak fremja av kommunedirektøren, samt nye tiltak frå FrP/H er særskilt kommentert i teksten under for kvart tenesteområde.

Budsjett 2025/Økonomiplan 2025-28 – framlegg FrP/H/KrF/INP

Tiltak	2025	2026	2027	2028
Frie inntekter				
Auke i rammetilskot 5 mrd kr i 2025	- 20 200 000	-20 200 000	-20 200 000	-20 200 000
Redusert estimert minstenivå Havbruk til 11,4 mill kr/år	6 600 000	6 600 000	6 600 000	6 600 000
Delsum	- 13 600 000	-13 600 000	-13 600 000	-13 600 000
Fellesområde				
Delsum				
Stab				
Delsum				
Oppvekst				
Intro DM vidareført 1.halvår 2025	150 000			
Delsum	150 000	-	-	-
Helse og velferd				
Justert effekt Dimensjonering pleie- og omsorg	10 000 000	15 000 000	15 000 000	5 000 000
Vidareføre tilskot Os Pensjonistforening	100 000	100 000	100 000	100 000
Delsum	10 100 000	15 100 000	15 100 000	5 100 000
Samfunnsutvikling				
Gratisparkering fortsatt i 2 timar på Osøyro	500 000	500 000	500 000	500 000
Justert takst parkering Osøyro +4%, samt utleige av pl.	- 250 000	- 250 000	- 250 000	- 250 000
Delsum	250 000	250 000	250 000	250 000
Finans				
Justert utbytte frå BUS AS - redusert 2025, auke seinare	10 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000
Delsum	10 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000	- 5 000 000
Sum endringar	6 900 000	- 3 250 000	- 3 250 000	-13 250 000
Opprinneleg avsetning Disposisjonsfond	25 988 000	30 406 000	31 934 000	31 229 000
Ny avsetning til Disposisjonsfond etter FrP/H/KrF/INP	19 088 000	33 656 000	35 184 000	44 479 000
Korrigert netto driftsresultat i % av driftsinntekter	0,8	1,4	1,5	1,8

Tabell 1 Endringar i driftsbudsjett (+ = meirutgift/mindreinntekt, - = mindreutgift/meirinntekt)

3.1 Frie inntekter

FrP/H/KrF/INP legg til grunn rammetilskot og skatteinntekter basert på Statsbudsjettet for 2025, samt auken i rammetilskot på 20,2 mill kr i Prop.1 S Tillegg 1 (2024-2025).

Inntekter frå Havbruksfondet er i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg ført opp med 18 mill kr pr år, men kommunen sin rådgjevar har i ettertid justert ned prognosen for minstenivå på utbetaling framover til 11,4 mill kr. Annan kvart år vil ein kunne forvente betydeleg høgare utbetaling, ref. at vi i 2024 fekk utbetalt 40,2 mill kr. FrP/H/KrF/INP legg

imidlertid til grunn ei konservativ budsjettering, og legg inn 11,4 mill kr frå Havbruksfondet kvart år i økonomiplanperioden. Dette byggjer på at det også kan komma endringar i grunnrenteskatten for havbruksnæringa etter stortingsvalet neste år.

3.2 Fellesområde

FrP/H/KrF/INP har ikkje merknader til kommunedirektøren sitt budsjettframlegg på dette området.

3.3 Stab

FrP/H/KrF/INP har ikkje merknader til kommunedirektøren sitt budsjettframlegg på dette området.

3.4 Oppvekst

Skulestruktur

FrP/H/KrF/INP stør kommunedirektøren si oppmoding om at ein skal jobba vidare med framtidig skulestruktur, men at dette skal skje utan konkrete innsparingskrav. Vi ynskjer at vidare arbeid også skal sjå på den framtidige barnehagestrukturen i Bjørnafjorden.

I arbeidet må ein òg vurderer om vi skal utvikla ein frivillig alternativ opplæringsarena ved ein eller fleire skular i kommunen for born med spesielle behov. Utgreiing av dette må skje i nært samarbeid med foreldre og relevante interesseorganisasjonar som NFU Bjørnafjorden.

Tilbod til ungdommen

FrP/H/KrF/INP legg inn kr 150 000 til Intro DM i 2025, slik at tilbodet i Ung Arena og Fjorden Arena kan halda fram 1.halvår 2025. Dersom kommunen ikkje får eksterne tilskot til tiltaket som omsøkt, må tilbodet omorganiseras i løpet av året.

FrP/H/KrF/INP ber også om at ein arbeidar vidare med å leggja til rette for at frivillig sektor, t.d. idrettslaga, kan få nytta Ung Arena og Fjorden Arena til å skapa gode tilbod til ungdommen vår. Terskelen for at frivillige lag og organisasjonar skal kunne nytta bygga må leggjast lågast mogeleg. Tenesteutvalet skal følgja opp denne saka i 2025.

3.5 Helse og velferd

Prosjekt Dimensjonering av pleie- og omsorgstenesta

Dette er eit kritisk prosjekt i økonomiplanperioden. For å skapa balanse i løpande driftsutgifter og inntekter må ein lukkast i å redusera kostnadane innan pleie- og omsorgstenestene.

FrP/H/KrF/INP står fullt opp om prosjektet, men vel å trekkja ned den forventa økonomiske effekten av prosjektet i starten av økonomiplanperioden, slik at innsparingskravet vert 5 mill kr i 2025, 15 mill kr i 2026, 25 mill kr i 2027 og 35 mill kr i 2028.

Agenda Kaupang er leigd inn til å analysera tenesteområdet, samt komma med framlegg til framtidig dimensjonering av innsatstrappa og bustadtrappa i Bjørnafjorden. Det er imidlertid avgjerande at politisk- og administrativ leiing eig prosjektet, og at det vert godt forankra i heile den kommunale organisasjonen.

For å lukkast med prosjektet må tilsette i tenesteområdet involverast, og det må etablerast ein god innbyggjardialog knytt til både individuelt ansvar hos innbyggjarane for å planleggja eigen alderdom og framtidig dimensjonering av innsats- og bustadtrappene.

Kommunen må også knyta til seg private eigedomsaktørar som kan stå for utbygging av nye bustadkonsept for målgruppene. Vi må løysa dette i nyskapande modellar som m.a. nyttar verkemidla i Husbanken optimalt.

FrP/H/KrF/INP ber om at både Tenesteutvalet og Formannskapet får ein sentral plass i prosjektet;

Tenesteutvalet - nivå og omfang av omsorgstenestene, bustadkonsept, innbyggjardialog

Formannskapet - økonomiske konsekvensar av tiltak, eigedomsutvikling

Når analyse og framlegg til tiltak frå Agenda Kaupang er vurdert og handsama politisk, må det leggjast ein langsiktig gjennomføringsplan med tiltak, tydelege tidsliner, plassering av ansvar, plan for gevinstrealisering og rapporteringsrutinar til politisk nivå.

Gjennomføring av prosjektet vil ta fleire år, og vi vil be kommunedirektøren om å gje prosjektet et kortfatta og tydeleg namn som også kan nyttast i kommunikasjonen med innbyggjarar, brukarar, pårørande og tilsette.

3.6 Samfunnsutvikling

Parkering Osøyro

FrP/H/KrF/INP vidarefører 2 timars gratisparkering på Osøyro. Parkeringsregimet er i ferd med å bli godt forankra hos bilistane, og fleire private grunneigarar følgjer no på med tilsvarende handheving på sine parkeringsareal.

Vi legg imidlertid til grunn at satsane for parkering på Osøyro vert auka med forventta prisstigning 4% (opprunda til næraste heile krone/tikrone), og at kommunen arbeidar aktivt for å få leigd ut fleire av de 135 plassane som er stilt til disposisjon for månads-/årsleige. P.t er det opplyst at 61 av dei 135 parkeringsplassane er leigd ut. Vi legg inn ei meirinntekt på kr 250 000 knytt til dette.

Parkering Eikelandsosen

FrP/H/KrF/INP ber kommunedirektøren om å greia ut potensialet for å etablera tilsvarende parkeringsregime som ein har på Osøyro også på kommunal grunn i Eikelandsosen, og komma attende med politisk sak til handsaming før budsjettprosessen hausten 2025.

Framtidas bibliotek

FrP/H/KrF/INP gjer ikkje endringar i økonomiplanperioden knytt til tiltaket Bibliotekstruktur, men partia vil ta endeleg stilling til framtidas bibliotektilbod i Bjørnafjorden og innsparingsnivå når saka er utgreidd av administrasjonen. Utgreiinga bør også vurdere tilbodet ved skulebiblioteka.

Frigjeringsjubileet 2025

FrP/H/KrF/INP legg til grunn at Bjørnafjorden kommune i 2025 skal ha ekstra merksemd på 80-årsjubileet for frigjeriinga etter 2.verdenskrig.

Friluftslivets år 2025

Friluftslivets år skal også markerast neste år. Kommunen bør koordinera markeringa med Bergen og Omland Friluftsråd og frivillige lag og organisasjonar. FrP/H/KrF/INP syner også investeringsmidlar under til opparbeiding av nye friluftsområde.

Kulturskulen

FrP/H/KrF/INP ynskjer at ein skal få vurdert eit nærare samarbeid mellom Bjørnafjorden kulturskule og Kongshaug Musikkgympnas. Elevar frå Kongshaug kan t.d. vera ein ekstra ressurs inn i kulturskulen sitt tilbod.

Idretten

FrP/H/KrF/INP ber om at arbeidet med *Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv* vert prioritert i 1.halvår 2025. Planen er t.d. avgjerande for framtidig tilskotsmodell for idrettslaga og andre frivillige organisasjonar i kommunen.

3.7 Finans

Utbytte frå BUS AS

FrP/H/KrF/INP syner til notat frå Bjørnafjorden Utviklingsselskap, og justerer utbytte frå BUS AS ned til 0 kr i 2025 og opp til 15 mill kr kvart av åra 2026-28. I tråd med føring i FrP/H sitt Budsjett 2024 / Økonomiplan 2024-27 må endeleg nivå på utbyttet for det einskilde år avklarast nærare i dialog med BUS AS ved kvar rullering av økonomiplanen.

3.8 Oppfølging av driftsbudsjettet

Skal omstillinga i Bjørnafjorden lukkast er vi heilt avhengig av å dempa kostnadsveksten i tenestene.

I driftsåret 2024 ser vi at inntektssida til kommunen har utvikla seg positivt på fleire postar. Trass i dette syner rekneskapsprognosen pr. oktober eit vesentleg meirforbruk mellom anna pga kostnadsvekst knytt til auka brukarbehov og høgt sjukefråvær.

Denne trenden må vi snu i 2025. Dette krev budsjettdisiplin og tett administrativ og politisk oppfølging gjennom budsjettåret, med særskilt fokus på å dempa kostnadsveksten i tenestene.

Rapportering – økonomi

FrP/H/KrF/INP ber om at oppfølging av tiltak i Omstilling25 og Budsjett 2025/Økonomiplan 2025-28 vert rapportert til formannskapet på alle sektorar.

Det skal framleis utarbeidast månadsrapportar på økonomi til formannskapet, samt ordinære tertialrapportar for heile den kommunale verksemda.

Månadsrapporteringa til formannskapet skal vera detaljert, og gje formannskapet høve til å setja i verk andre tiltak dersom vedtekne tiltak ikkje let seg realisera. Dersom eit tenesteområde syner negativ avvik frå budsjett i to påfølgande månadsrapportar skal kommunedirektøren fremja forslag til korrigerande tiltak.

Rapportering – årsverk

FrP/H/KrF/INP er særst uroa over den samla årsverksutviklinga i den kommunale organisasjonen gjennom 2024, ref. svar på budsjettspørsmål med oppdatert status pr 18.11.24.

Ein netto auke i årsverk på 53,3 årsverk for heile organisasjonen er svært mykje i en periode der kommunen skal ta ned kostnadsnivået for å gjenvinna den økonomiske handlefridomen. Årsverk er som kjent den viktigaste kostnadsdrivaren i ein personellintensiv tenesteprodusent som kommunen er.

Noko av auken skuldast sesongvariasjonar og eventuelle vakante stillingar, men både Oppvekstområdet og Helse- og velferdsområdet syner ein vesentleg auke i årsverk knytta til endra brukarbehov gjennom 2024.

FrP/H/KrF/INP ber difor kommunedirektøren om å ha ekstra fokus på oppfølging av årsverksutviklinga i 2025. Ordninga med stillingskontroll må skjerpast inn, og behovet for nye årsverk knytt til endra brukarbehov vurderast meir kritisk gjennom budsjettåret.

FrP/H/KrF/INP vil også be om at formannskapet får rapportering på årsverksutvikling på tenestenivå som del av økonomirapporteringa i 2025, og ber kommunedirektøren om å etablere eit system som sikrar dette.

Utviklinga over tid i målalet *innbyggjarar/årsverk* pr 31.12. gjer eit godt bilete på kor effektiv kommunen samla sett er i sin tenesteproduksjon, men basert på auken i årsverk hittil i 2024 treng vi framover løpande merksemd på utviklinga i årsverk i dei einskilde tenesteeiningane.

4 Investeringsbudsjett

FrP/H/KrF/INP sine endringar i investeringsbudsjettet kjem fram av Tabell 2.

Tiltak - endringar	2025	2026	2027	2028
Ny server (reduisert til 1 mill kr)	- 500 000			
Opparbeiding Tellevika friluftsområde	1 000 000			
Opparbeiding Steinavikjo friluftsområde	1 000 000			
Nytt ventilasjonsanlegg (fordelast over to år	1 500 000	- 1 500 000		
Utgreiing bane Kuventræ Idrettsplass	500 000	- 500 000		
Sum	4 000 000	- 2 000 000	-	-

Tabell 2 Endringar i investeringsbudsjett

FrP/H/KrF/INP vil følgja opp Friluftslivets år 2025 gjennom å setja av midlar til opparbeiding av Tellevika friluftsområde (1 mill kr) og Steinavikjo friluftsområde (1 mill kr). Begge områda skal utviklast i 2025 i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) og private. Den kommunale eigenandelen i prosjekta gir også rom for å søkja om ekstern finansiering. Dersom det er rom for det innanfor desse midlane kan ein også rehabilitere stupetårnet i Mobergsvikjo friluftsområde i 2025.

Vi framskyndar også utgreiing av grunntilhøva for Kuventræ Idrettsplass til 2025. Dette er eit viktig kunnskapsgrunnlag for evt. oppretting av løpebanen. FrP/H/KrF/INP vil komma

attente til saka når utgreiinga ligg føre. Vi fordelar også investeringa på 3 mill kr til nytt ventilasjonsanlegg i Osbadet over 2025 og -26.

Før administrasjonen går vidare med prosjekt *Utgreiing ny barnehage – Lysekloster* ynskjer vi ei politisk orienteringssak om rammene for prosjektet til handsaming i formannskapet.

Endringane i investeringsbudsjettet er så små at det ikkje er grunnlag for å endre budsjettet rente- og avdragskostnader i driftsbudsjettet.

5. Verbale oppdrag

5.1 Nærværarbeid og sjukefråvær

Bjørnafjorden kommune har hatt ei positiv trend på sjukefråværet i haust, og FrP/H/KrF/INP vonar at nedgangen i fråvær held fram i 2025. Spesielt vert det peika på at aktiv bruk av NAV Arbeidslivssenter har gitt gode resultat.

Kostnadane knytt til sjukefråvær er store, og svekkjer kommunen si samla evne til å yte gode tenester til innbyggjarane. Arbeidet med auka nærvær må difor ha stort fokus i heile organisasjon, - frå toppleiinga, via mellomleiarar, til den einskilde tilsette. Lukkast vi med auka nærvær vil alle tena på dette, både våre tilsette og brukarane av kommunale tenester.

FrP/H/KrF/INP vil be om at kommunedirektøren har eit særskilt fokus på nærværarbeid i 2025, og vil utfordra på følgjande;

- Auka bruk av NAV Arbeidslivssenter i einingar/avdelingar der sjukefråværet er høgt
- Aktiv tilrettelegging på arbeidsplassane
- Tett leiaroppfølging frå HR-avdelinga i høve nærværarbeid
- Leiaropplæring i nærværarbeid, - nytta basisprogrammet i leiing i regi NAV
- Dialogmøte mellom arbeidsgjevar, NAV og den tilsette etter fire veker fråvær, samt utarbeiding av oppfølgingsplan i forkant av dialogmøte

FrP/H/KrF/INP vil også be kommunedirektøren om å greia ut ei bonusordning knytt til nærvær. Bonusen kan vera individuell og/eller kollektiv, og ordninga kan testast ut som eit prøveprosjekt i ei eller fleire einingar/avdelingar med høgt fråvær. Sak til politisk handsaming må synleggjera føremoner og ulemper med ei slik bonusordning, avklara lov- og avtaleverk og innehalda rammeverk for eit eventuelt prøveprosjekt. Saka må

drøftast med dei tillitsvalde, og skal leggjast fram for politisk handsaming før eventuell iverksetjing.

5.2 Organisering teknisk drift og prosjektavdeling

FrP/H/KrF/INP ber kommunedirektøren om å vurdere den samla organiseringa innan Samferdsel og VA, Eigedom drift, Eigenregiteamet og Prosjektavdelinga. Målsettinga er best mogelege tenester til lågast mogeleg kostnad, og god samhandling mellom drift og utbygging/prosjekt.

5.3 Arealeffektivisering

Arbeidet arealeffektivisering knytt til dei kommunale tenestene må halda fram med mål om å avvikla bruk av leigde lokale, framleige av lokale eller utleige/sal av lokale kommunen eig sjølv.

5.4 Sal av eigedom

FrP/H/KrF/INP legg til grunn at arbeidet med å selja eigedommar som kommunen ikkje skal nytta i eigen tenesteproduksjon vert vidareført i tråd med vedtatt Budsjett 2024 / Økonomiplan 2024-27. Målet om sal av eigedom for totalt 100 mill kr i valperioden ligg fast.

Gjennom 2024 er fleire eigedommar seld for om lag 30 mill kr, og for 2025 vil vi gje fullmakt til å leggja følgjande eigedommar ut for sal; Hegglandsdalen skule, Nore Neset barnehage, tomt i Landboden (55/372), Fjellheim, næringstomt i Kolskogen (gamle Teknisk etat), tomtar som er overført frå Fusa Utviklingsselskap AS og næringstomter rundt Fjorden Senter i Eikelandsosen.

Vi ber også om at det vert fremja ei eiga politisk sak knytt til den gamle tømmerkaien i Eikelandsosen, samt næringsareala knytt til denne. Målet med saka er å avklare strategi for kai og eigedom (kostnader til vedlikehald/forsterking ref. tidlegare investeringsprosjekt, evt. vidare bruk i kommunal regi, inntekspotensialet ved eit evt. sal osv.).

FrP/H/KrF/INP aukar ikkje inntektene frå eigedomssal i høve kommunedirektøren sitt budsjettframlegg, men legg til grunn at salsinntekter kan nyttast til å redusera låneopptak, nedbetaling av gjeld eller avsetjing til investeringsfond.

5.5 Frivillig skogvern – Raudlio og Stokkedalen

Frivillig skogvern er ei ordning der grunneigar sjølv tilbyr skogareal til vern.

Dersom området har natur- og miljøkvalitetar som tilseier vern og staten takkar ja til tilbodet kan området vernast som naturreservat etter naturmangfaldslova §37. Det vert då framforhandla ein avtale mellom skogeigar og staten med avgrensing av området, verneforskrift og erstatning.

Skogeigar beheld eigedoms-, jakt-, fiske- og beiteretten i området, men får erstatning for ikkje å driva skogbruk på eigedommen. Erstatning vert berekna basert på takst av skogen, og representerer ein noverdiberekning der verdien av framtidig skogbruk vert diskontert til dagens dato. Sjå www.frivilligvern.no.

Bjørnafjorden kommune er ein stor skogeigar etter kjøpet av Raudlio/Stokkedalen i 2013 frå Statskog SF. Eigedommen vart kjøpt av Os kommune for 9,3 mill kr og er på 10 204 mål, den gong tilsvarande 7% av Os kommune.

FrP/H/KrF/INP ynskjer å få vurdert kva inntekt eit vern av Raudlio/Stokkedalen kan gje kommunen, og vil be om at kommunedirektøren startar ein prosess for frivillig vern. I høve retningslinene kan grunneigar når som helst trekkja seg frå prosessen dersom evt. erstatning ikkje vert høg nok. Inntekt frå ei eventuelt vern kan nyttast til nedbetaling av gjeld, og spara driftsbudsjettet for rente- og avdragsutgifter.

5.6 Bjørnafjorden ASVO

Bjørnafjorden ASVO driv svært godt, og FrP/H/KrF/INP meiner det er rom for å nytta verksemda i enda større grad i den kommunale tenesteproduksjonen.

Ein kan til dømes sjå for seg nærare definerte vedlikehaldsoppgåver knytt til bygg, bymøblar, byrom og parkanlegg. Tilsvarande kan arbeidstakarar i ASVO nyttas inn mot servicefunksjonar på Fusa bu- og behandlingssenter og Luranetunet bu- og behandlingssenter. Det må også greiast ut om Bjørnafjorden ASVO kan overta vaskeritenesta for kommunen knytt til FBBS, LBBS og andre bufellesskap.

5.7 Parkeringsanlegg i fjell

Arbeidet med reguleringsplan for ny kollektivterminal og parkeringsanlegg i fjell pågår.

Realisering av parkeringsanlegget vil ha stor verdi for fleire større utviklingsprosjekt på Osøyro; - utvikling av kaifronten (Esso m.m), hotellet v/Oseana, bustadprosjekt v/rådhuset, bustader over ny kollektivterminal m.fl.

FrP/H/KrF/INP vil difor be administrasjonen jobba aktivt med finansierings- og realiseringsplan for parkeringsanlegget og ny kollektivterminal parallelt med reguleringsplanarbeidet. I dette arbeidet må ein vurdere delfinansiering frå Miljøloftet/Vestland fylkeskommune, frikjøpsmidlar knytt til parkering, potensielle driftsinntekter og -utgifter, samt potensiale for å få inn private parkeringsselskap i utbygging og drift av parkeringsanlegget.

5.8 Arkitektkonkurranse for kaifronten Osøyro

Vedtatt *Områdeplan for Osøyro* gir grunnlag for å gå vidare med arkitektkonkurranse og reguleringsplan for kaifronten frå Osbrua til Os kai. Eigedomstilhøve knytt til Esso og Lyseparken, samt bortfesta tomt der Peppes Pizza ligg, må også avklarast.

FrP/H/KrF/INP vil prioritera dette arbeidet, og ber om at ein søker Vestland fylkeskommune om økonomisk tilskot til gjennomføring av arkitektkonkurransen i 2025, ref. tilskotsordninga «Tilskot til berekraftig samfunnsutvikling».

5.9 Matjord og overskotsmassar

Landbruket er ein stor ressurs i kommunen, og det er viktig å forvalte matjorda og kulturlandskapet vårt.

FrP/H/KrF/INP ber kommundirektøren greie ut måtar landbruket kan nytta overskotsmassar til jordforbetring på eksisterande landbruksareal. Det gjeld spesielt der LNF område blir utbygd, men også ved anna utbygging.